

Asbjørn Bentsdal
2660 Dombås

11 APR 2017

Ola Jo Botheim
2665 Lesja

Fylkesmannen i Oppland
Postboks 987,
2604 Lillehammer

07.04.2017

Høyringsuttale til verneplan Hjerkinnskytefelt

Viser til tilsendt høyringsdokument.


Vesli-setrene

Setrene i Vesli-lie var tidlegare knytt til gardane Nørdre Rolstad, gnr. 133, bnr. 1 i Lesja og Bentsdal, gnr. 11, bnr. 1 i Dovre. (Etablert i 1870 og 1931)

Som tidlegare eigarar av desse landbrukseigedomane vil vi gjera Fylkesmannen oppmerksom på at vi allereie 09.10.2012 gjorde Forsvarsbygg og Statsskog mfl. kjent med at vi var interessert i å få setrane tilbakeført til gardane våre. Også nåverande eigarar deler våre synspunkt.

Vi meiner seterkveene og bygningane i Vesli-lie er eit taust, men lett synleg element i kulturlandskapet som viser kor viktig seterkulturen og beitebruken var i eldre tider. Vi har stor respekt for det arbeidet som tidlegare generasjonar har lagt ned, både når det gjeld oppføring av hus, dyrking av store seterkveer og bruk av oppbrotten stein frå kveene til grunnmurar og steingjerder. Desse verdiane er vi innstilt på å restaurere, skjøtte og verne om gjennom aktiv bruk av setrene så langt det er mogleg, gjerne i samarbeid med FM si landbruksavdeling. Eit praktisk samarbeid med den organiserte beitebruken i Jora beitelag ser vi også positivt på, spesielt fordi arealet innanfor skytefeltet er noko av det mest produktive høgfjellsbeite vi har i denne landsdelen. Men vegetasjonen i området har over tid endra karakter, noko vi meiner berre kan tilbakeførast til ein betre naturtilstand og større mangfald gjennom meir omfattande beitebruk.





FM meiner at 4 av 5 bygningar i Vesl-lie skal rivast av omsyn til villreinen. Berre eitt hus skal stå att, og det går fram at Dovre fjellstyre vil overta det. Men det er eit faktum at berre vi setereigarane har vore konkrete og forpliktande i våre utsegn om framtidig bevaring, skjøtsel og aktiv bruk av seteranlegga. Alle instansar med bakgrunn i landbruk skriv om historisk beitebruk og store beiteverdiar, men så blir det med det, uforpliktande lausprat. Ingen andre enn oss har konkret varsla om interesse for bevaring av seteranlegga og framtidretta bruk av kulturjorda der.

Etter vårt syn finst det ingen fornuftig grunn til å rive ned bygningane i Vesl-lie av omsyn til villreinen. Det er regulering av vegbruken som avgjer kor omfattande ferdseilen til Vesl-lie blir. Blir setrene attendeført til gardane vil vi akseptere ei avgrensing/regulering av ferdseilen til det naudsynte for inn- og uttransport av beitedyr.

Går fylkesmannen inn på Vigga.no ser de kva vi som setereigarar fortel om seterhistorikken, og det same gjer den visuelle informasjonen som dei 18 vedlagte bileta viser. Det er etter vår meining heilt feil å seia at den kulturelle verneverdien av setrene er middels eller liten. Vi meiner den er stor. Kvar i landet elles finst eit slikt anlegg så høgt over havet?

For mange av oss som fylgjer med i verneplanarbeidet, ser vi ei sterk statleg interesse i å skaffe seg reguleringsmynde gjennom mange og strenge forskrifter. Det er delvis forståeleg ut frå hovudpremisen for vernet, men det bør ikkje bli slik at ein naturbruk som går 147 år attende i tid, og som har hatt positiv verknad på naturmangfaldet, ikkje skal gjevast rom for ny oppstart i modernisert form.

Å rive ned bygningane i Vesl-lie blir etter vårt syn ein grov, kulturell valdtekt i statleg regi. Slik bør det ikkje bli. Nokon må vera villige til å ta vare på seteranlegga i Vesl-lie. Mange har kompetanse og kapasitet til å klare det, men berre vi med historia og kjenslene innabords synest å ha offerviljen til det. Det skal vi makte. Også i statleg verneplanarbeid kan private interesser ha ein positiv dimensjon for miljø og samfunn.

Med vennleg helsing


Asbjørn Bentsdal


Ola Jo Bothheim